



## **AVDELING FOR HUMANISTISKE FAG OG LÆRARUTDANNING (AHL)**

### **Høyringsvar om Nasjonale deleksamnar – endring i foreskriftr om rammeplan for grunnskulelærerutdanningane m.fl. frå Høgskulen i Volda**

Høgskulen i Volda er skeptisk til å innføre nasjonale prøver og eit nasjonalt sensorcorps. Fleire profesjonsutdanningar ved høgskulane blir alt styrt av nasjonale rammeplanar og retningsliner.

Nasjonale prøver vil kunne føre til detaljstyring av undervisinga og vurderingsordningane . Dette harmonerer ikkje med ønskje om at institusjonane utviklar og opprettheld ulike faglege profiler og sin eigenart. Vi ser ein fare for at nasjonale prøver og eit nasjonalt sensorcorps vil føre til einsretting av institusjonane og utdanningane.

Høgskulen i Volda tillet seg å peike på det paradoksale i at ein på den eine side krev høgt kvalifiserte tilsette, og på den andre side meiner at desse ikkje er gode nok til å kvalitetssikre vurderingar og sensur i profesjonsutdanningar.

Arne Myklebust

Dekan ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning  
Høgskulen i Volda